

NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**



Nr. 1 22. januar 2010

Innhald

Søkjarar til instituttleiarsstillinga

Budsjett 2010

Nye kollegaer

NFR – electronic newsletter

Aurora-stipend til forskerutveksling med Frankrike i 2011

Publikasjonar 2009

Posisjoneringsmidler for 2010 fra Norges forskningsråd/Universitetet i Bergen

Post doc fellowships to Japan

Søkjarar til instituttleiarsstillinga

Det er 5 søkjarar til stillinga:

Marc Bezem,	Professor, Institutt for informatikk, UiB
Petter Bjørstad,	Professor, Matematiks institutt, UiB
Dominique Chu	Academic Fellow, University of Kent
Barath Sankararaman	Graduate Student/Researcher, NE
Hans Georg Schaathun	Lecturer, University of Surrey

Budsjett 2010

Instituttrådet vedtok på møtet 20.1 instituttbudsjett for 2010. Instituttet har eit akkumulert overskot frå tidlegare år og får ventleg eit betre resultat for 2009 enn budsjettert. Ein del av tidlegare overskot kan/skal brukast i 2010 og resten i åra etter.

Førebels budsjettet for 2010 er difor sett opp med eit underskot for 2010 på ca. 1,2 millionar kroner.

Når sluttregneskap for 2009 ligg føre om nokre veker vil instituttrådet ha eit nytt møte og vedta endeleg budsjett.

Nye kollegaer

Visualiseringsgruppa har fått tre nye kollegaer frå nyttår:



Julius Parulek
Postdoktor



Endre Lidal
Stipendiat



Cagatay Turkey
Stipendiat



Som vikar for Siv
(studiekonsulent i 60% stilling)
er tilsett Steinar Heldal.

NFR – electronic newsletter

The Norwegian Research Council publishes news in English:

<http://www.forskningsradet.no/en/News/1177315753918>

You can also subscribe to their English newsletter (information on the same homepage)


Aurora-stipend til forskerutveksling med Frankrike i 2011

Vitenskapelig ansatte/forskergrupper kan søke støtte til kortvarige opphold i Frankrike for å starte opp og utvikle felles forskningsprosjekter.

<http://www.forskningsradet.no/no/Utllysning/ISAUR/1253952622422?progId=1244023203530&visAktive=true>

Publikasjonar 2009

Det er registrert 158 publikasjonar i FRIDA for 2009, 125 tidsskriftartiklar (av desse 28 på nivå 2) og 33 bokkapittel (mest i proceedings), begge deler litt høgare enn for 2008 (som var tidlegare rekord). Utviklinga 2005-2009 er gitt i figuren nedanfor (NSD-data t.o.m 2008, for 2009 er bokkapittel ca. 80% av registrerte ut frå erfaring; berre bøker publisert på godkjende forlag blir tatt med av NSD).



Eit førebels overslag viser at publikasjonane vil gje om lag 125 publikasjonspoeng mot om lag 100 i 2008 som er tidlegare rekord. Vi har grunn til å vera godt nøgde med resultatet. Dette vil og vera ein del av bakgrunns materialet ved neste NFR-evaluering, truleg i 2012. Det er såleis viktig å halda oppe dei slikt høgt nivå også i tida framover.

Bak dei 158 publikasjonane står 85 forfattarar. Dei fast tilsette har produsert litt under halvdelen av publikasjonspoenga, dei mellombels tilsette vel halvdelen. Som har vore vanleg ein del år, er dei forskingsmessig mest produktive gruppene algoritmegruppa (ca. 47 poeng i 2009) og Selmersenteret (ca. 42 poeng i 2009); 14 tilsette har produsert 3 poeng eller meir:

Helleseeth	7,88	Saurabh	5,34	Golovach	3,20
Rosnes	7,72	Lokshantov	4,45	Telle	3,17
Fomin	6,71	Walicki	4,03	Steihaug	3,12
Heggernes	6,33	Haveraaen	3,43	Semaev	3,00
Kløve	5,85	Hauser	3,34		

I tillegg har Geir Kjetil Nilsen, som tok mastergraden hjå oss i 2007 publisert ein artikkel (basert på masterarbeidet) i eit nivå 2 tidsskrift og dermed produsert 3 publikasjonspoeng. Den masteroppgåva vil såleis gje UiB om lag 100.000 ekstra i neste budsjett!

Dersom nokon ynskjer meir informasjon om utrekninga, t.d. eigne poeng, så kom innom til Torleiv.

OBS. Det er råd å registrera ut januar om de skulle ha gløymt ein artikkel eller to.

Posisjoneringsmidler for 2010 fra Norges forskningsråd/Universitetet i Bergen

Det kan nå søkes om posisjoneringsmidler fra Norges forskningsråd/Universitetet i Bergen for forskere som skal søke på utlysninger under det 7. rammeprogram med frist i løpet av våren 2010.

Det er gjort endringer i kriteriene for tildeling av Pes-midler som innebærer en konsentrasjon om følgende type utlysninger:

- forberedelse av prosjekter i EUs 7RP (herunder utlysninger kunngjort sommeren 2009 med frist i 2010),
- ERC Advanced Grants – kunngjort høsten 2009
- aktiviteter i randsonene av rammeprogrammet (for eksempel JTI-er, Eurostars, ERA-Net)
- utlysninger i regi av ERA-NET
- EUREKA og forskningsutlysninger innenfor EØS-finansieringsordningen
- IKT-delen av CIP (Competitiveness and Innovation Framework Programme)

Det gis ikke støtte til generell posisjoneringsaktivitet som ikke kan knyttes til en konkret utlysning.

Det kan søkes om inntil kr 150.000,-. Midlene kan nyttes til organisering/deltakelse i workshops/seminarer, reiser, assistanse til søknadsskriving. Reiser for potensielle konsortiepartnere godkjennes ikke. Eventuell bevilgning må benyttes i 2010 (NFR-krav). Øvre grense for individuelle søknader er satt til kr 25.000,- (ERC).

Søknadsfrist er tirsdag 9. februar 2010.

Søknadsskjema kan en få hos Ida.

Post doc fellowships to Japan

The Japanese Society for the Promotion of Science offers 2 types of post doc fellowships for applicants from Europe (also Norway)

- 1) short term fellowship of 1-12 months, several deadlines 2010
- 2) long term fellowsips for 12-24 months, deadline May 2010

These have in common that they are open to all disciplines (also natural sciences) and that you need a Japanese professor to host you and send in the application for you.

More information on procedures, funding and application can be found here

<http://www.jsps.go.jp/english/e-fellow/fellow.html>